

Rauland Maskin AS
Nordre Krossbakkveg 2
3864 RAULAND
Att.Bjørn Erlingson Svalastog

Dato:01.12.2025
Vår referanse: 2025/4262-3
Sakshandsamar:Kjell Negarden

151/35 - Løyve til tilbygg fritidsbustad - Åsbogdalen

Tiltak: Tilbygg fritidsbustad
Tiltakets adresse: Åsbogdalen 29, 3864 Rauland
Eigedom: 151/35
Tiltakshavar: RUNE HUSE
Ansvarleg søkjar: Rauland Maskin AS
Bruksareal: Eksist. 53 m² – rive areal 22 m² + tilbygg 43,4 m² = 74,4 m²
Bebygd areal: Eksist. 53 m² – rive areal 22 m² + tilbygg 53 m² = 84 m²
Bruttoareal: Eksist. 53 m² – rive areal 22 m² + tilbygg 53 m² = 84 m²

Delegert vedtak: 227/25

Vedtak

Det vert gjeve løyve til tilbygg som omsøkt.
Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggteknisk forskrift TEK-17.

Det er tidlegare gjeve utsleppsløyve for gråvatn 19.11.2025, saks nr 2025/8029.

Saksutgreiing

Bakgrunn og beskriving

Referanse:
Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20060002 kommunedelplan Rauland.
Tidligere byggesak, saksmappenr. (jnr.) 66/1968.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 27.08.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 27.08.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/4262-1.
Tiltaket gjeld tilbygg til eksisterande fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Nabovarsling

Naboar er varsla 07.08.2025.

Det er ikkje oppgjewe nabomerknader frå ansvarleg søker.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknader til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne.

Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt - også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

Som do skal de nytte godkjent biologisk/elektrisk løysing.

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2. **Utsleppsløyve må ha ferdigattest før ferdigattest på tilbygg kan gjevast.**

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søker		Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
SØK	Ansvarleg søker	1	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053
PRO	Betongarbeid		Ringhus Skifer mur og flis AS	Orgnr: 915 507 239
PRO	Tømrararbeid	1	Sjølvsbygger	Rune Huse
PRO	Oppmålingsteknisk prosjektering	1	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053
PRO	Geoteknikk	1	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053
PRO	Sanitær,- varme og slukke.installasj.	1	Rørleggar Svein Dagalid AS	Orgnr: 898 210 162

SØK = Ansvarleg søker – PRO = Ansvarleg prosjekterande

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket	Tilt.kl. Føretak m/organisasjonsnummer	
UTF Innmåling og utstikking av tiltaket	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053
UTF Grunnarbeid og landskapsutforming	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053
UTF Plasstøypete betongkonstruksjonar	Ringhus Skifer mur og flis AS	Orgnr: 915 507 239
UTF Tømrerarbeid og montering av trekonstruksjonar	Sjølvbygger	Rune Huse
UTF Sanitær,- varme og slukke.instalasje.	Rørleggar Svein Dagalid AS	Orgnr: 898 210 162

UTF = Ansvarleg utførande

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.07.2010 – sist oppdatert 01.01.2025:

Løyve til tiltak – Type tiltak : Tilbygg mellom 50 – 200 m² kr. 12.250,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 65,4 m² / 53 m²

Faktura for gebyr vert ettersendt. Faktura må betalast til forfall.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakrarar:
Rauland Maskin AS

Kopi til:
RUNE HUSE